



# Prosedyre ved klage på Standpunktkarakterar

## 8.-10.klasse

# Prosedyre ved klage på standpunktkarakterar

## 8.- 10.trinn

### Generell informasjon:

#### § 5-1. Kva det kan klagast på

Det kan klagast på standpunktkarakterar, avgangskarakterar/eksamenskarakterar og karakterar til fag-/sveineprøver. Det kan også klagast på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter.

#### § 5-2. Kven som kan klage

Elevar, lærlingar, privatistar og praksiskandidatar eller dei desse gir skriftleg fullmakt, har klagerett. Foreldre til umyndige elevar, lærlingar eller privatistar har sjølvstendig klagerett. Ein elev under 15 år kan ikkje klage utan skriftleg samtykke frå foreldra.

#### § 5-3. Avgjerd i klagesaka

Behandling av klage over karakter kan føre til at karakteren blir ståande eller til at han blir endra til gunst eller ugunst for klagaren. Avgjerda skal grunngjevast. Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på.

Fører klagebehandlinga til endring av vitnemålet/innhaldet i dokumentasjonsbevis, skal det skrivast nytt, og tidlegare vitnemål/dokumentasjon skal leverast tilbake.

Behandling av klage over fag-/sveineprøve kan omgjerast frå ikkje bestått til bestått.

#### § 5-4. Saksgangen ved klage

Dei som har klagerett etter forskrifta § 5-2, skal få opplysningar om høve til å klage, klagefristen og om kva klagen skal innehalde i medhald av denne forskrifta og lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker §§ 29, 30, 31 og 32. Dei som har klagerett, skal også få informasjon om retten til å få retningslinjer som er gitt sensorane og grunngiving etter forskrifta § 5-7.

Klagen skal sendast til den skolen der klagaren er elev. Privatistar sender klagen til den skolen der avgangsprøva/eksamen er halden. Klage som gjeld fag-/sveineprøve, skal sendast til fylkeskommunen ved yrkesopplæringsnemnda der prøva er halden.

Ved klage i samband med skriftleg avgangsprøve i grunnskolen skal skolen sende klagen saman med prøvesvaret til Fylkesmannen, jf. forskrifta § 5-9 første ledd. Ved klage i fag der det blir vurdert fleire svar, skal alle elevsvara leggast ved.

0 Endra ved forskrift 8 juni 2004 nr. 822 (i kraft 15 juni 2004).

### **§ 5-5. Klagefristar**

Frist for å klage på vedtak som gjeld avgangskarakterar/eksamenskarakterar og standpunktkarakterar er **10 dagar**.

Frist for å klage over vedtak om vurdering av den praktiske delen av fag- /sveineprøva er 3 veker.

Fristen skal reknast frå det tidspunktet da melding om vedtaket er komen fram til den som har klagerett, eller da den som har klagerett, burde ha gjort seg kjend med vedtaket. Fristen blir avbroten når den som har klagerett, ber om grunngiving for vedtaket. Fristen tek igjen til når grunngiving er gitt.

0 Endra ved forskrift 18 april 2001 nr. 427.

### **§ 5-12. Klage over standpunktkarakter. Klageinstans og klagebehandling**

Ved klage over standpunktkarakter, eller over vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter, kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde. Med klagen skal følgje fråsegn frå faglæraren om korleis karakteren er fastsett eller kvifor karakter ikkje er sett, og fråsegn frå rektor om saksbehandlinga ved skolen. Kopi av fråsegna skal sendast klagaren.

Klageinstans i grunnskolen er Fylkesmannen i kvart fylke. Klageinstans i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde. Fylkesmannen i Oslo og Akershus er klageinstans når klagaren tek vidaregåande opplæring ved privat skole i utlandet.

Dersom klagen blir funnen rettkomen, må klageinstansen presisere kva reglar han meiner er brotne eller det kan reisast tvil om er brotne, og sende saka tilbake til skolen. Klageinstansen skal informere klagaren om resultatet av klagebehandlinga. Rektor og faglærer gjennomfører ny vurdering. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerda kan det ikkje klagast på.

Finn klageinstansen at klagaren ikkje kan få medhald, er avgjerda endeleg.

0 Endra ved forskrift 8 juli 2003 nr. 941.

### **§ 5-13. Klage over karakter i orden og åtfærd. Klageinstans og klagebehandling**

Ved klage over karakter i orden og åtfærd skal eleven sin kontaktlærer og rektor gi fråsegn som saman med klagen skal sendast til klageinstansen. I fråsegna skal det gjerast greie for kva karakterar i orden og åtfærd som har vore gitt tidlegare, kva tiltak skolen har sett i verk for å rette på forholda og ei fyldig grunngiving for karakteren. Kopiar av ordensreglement for skolen, utskrift av protokoll som viser korleis skolen har behandla saka m.m. skal leggjast ved fråsegna. Ved klage i grunnskolen skal det også gjerast greie for om heimen har vore varsla om at karakteren kunne bli sett ned og eventuell anna korrespondanse med foreldra. Klagaren skal ha kopi av fråsegna.

Klageinstans i grunnskolen er Fylkesmannen i kvart fylke. Klageinstans i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde.

Klageinstansen avgjer om klagen skal medføre endring av karakteren til gunst eller ugunst for klagaren.

0 Endra ved forskrifter 8 juli 2003 nr. 941, 2 juli 2003 nr. 921 (i kraft 1 aug 2003).

## **1. Klage på standpunktkarakteren bør grunngjevast**

### **5-6. Formkrav**

Klage må fremjast skriftleg, og underskrivast av klagaren eller eventuelt av fullmektig. Klagen skal nemne det vedtaket som blir påklaga, og dersom det er nødvendig, gi opplysningar som gjer det mogleg å avgjere spørsmål om klagerett og om klagefristen er halden. Klagen bør innehalde grunngivinga for klagen, jf. likevel forskrifta § 5-9 fjerde ledd siste punktum.

## **2. Klage på standpunktkarakteren bør grunngjevast før eventuell klage blir sett fram**

### **§ 5-7. Rett til grunngiving**

Den som har klagerett, jf. forskrifta § 5-2, kan innanfor klagefristen krevje grunngiving for karakterar i fag der det blir halde munnleg avgangsprøve/eksamen, fastsett standpunktkarakterar, karakter for praktisk eksamen eller standpunktkarakter i orden og åtfærd. Grunngivinga skal givast av sensor eller ein lærar som har teke del i karakterfastsetjinga.

Dersom ein elev ikkje får standpunktkarakter eller får ikkje bestått som standpunktkarakter, kan det krevjast grunngiving for det.

Den som har klagerett, kan ikkje krevje grunngiving av karakter til skriftleg avgangsprøve/eksamen

## **3. Kva karakterar ein kan klaga på**

På 9.trinn er det berre faget Mat og helse som er avsluttande fag. Det er derfor ikkje mogleg å klaga reint formelt på dei andre karakterane.